



# Selje kommune

## Møtebok

---

**Utval:** Råd for eldre og funksjonshemma  
**Møtestad:** Kommunehuset 3. etg  
**Dato:** 21.03.2017  
**Tid:** Kl. 14:00 - 14:30

---

**Følgjande medlem møtte**

Anita Bentsen  
Harald Kvame Hansen  
Sigbjørn Sjøstad  
Åge Starheim

**Parti**

**Forfall meldt frå følgjande medl.**

Gunn Sande

**Parti**

Sp

**Følgjande varamedlem møtte**

**Parti**

Møteleiar: Åge Starheim

**Underskrifter:**

---

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
005/17	Godkjenning av møteprotokoll
006/17	Referatsaker
007/17	Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande
008/17	Den Kulturelle Spaserstokken - Fordeling 2017
009/17	Årsmelding 2016 - Råd for Eldre og funksjonshemma
010/17	Dysleksivenleg skule



Saksnr.	Utval	Møtedato
005/17	Råd for eldre og funksjonshemma	21.03.2017

## Godkjenning av møteprotokoll

### Tilråding frå administrasjonen:

Møteprotokollen frå møte 17.01.17 vert godkjent slik den ligg føre.

### Vedlegg i saka:

18.01.2017	Møtebok - Råd for eldre og funksjonshemma - 17.01.2017	1329194
18.01.2017	Protokoll - Råd for eldre og funksjonshemma - 17.01.2017	1329193

### Råd for eldre og funksjonshemma 21.03.2017:

#### Handsaming:

4 voterande

### EF- 005/17 Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 17.01.17 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
006/17	Råd for eldre og funksjonshemma	21.03.2017

### Referatsaker

#### Tilråding frå administrasjonen:

Referatsaker vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

#### **Underliggende sak:**

1. Tilbud om foredrag i velferdsteknologi høsten 2017
2. Årsmelding 2016 - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
3. Årsmelding 2016 - Handlingsprogrammet for perioden 2016 - 2019a - Fylkesrådet for eldre
4. Kommuneplan Arealdel 2017 - 2029 - Høyringsforslag - Frist 31. 03.17
5. Dysleksivenleg skule

#### **Råd for eldre og funksjonshemma 21.03.2017:**

#### **Handsaming:**

4 voterande

#### Tilleggsreferat:

4. Høyringsforslag Arealdel 2017 - 2029
5. Dysleksivenleg skule.
6. Orientering ved Ragna Haaland om rutiner ved tilsetjing.

#### **EF- 006/17 Vedtak:**

1. Kommunen tek imot tilbodet frå Pensjonistforbundet om foredrag i velferdsteknologi.
2. Teke til vitande.
3. Teke til vitande.
4. Rådet bed kommunestyret om å ta vedtaket i sak EF 004/17 til etterretning.

5. Referatet vart lagt fram og rådet vedtok å behandle innspelet som eiga politisk sak nr. 010/17

6. Teke til vitande.

Samrøystes.



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/17	Formannskapet	23.02.2017
007/17	Råd for eldre og funksjonshemma	21.03.2017

### Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande

#### Bakgrunn for saka:

13 juni 2016 vedtok Stortinget lovendringar i Pasient – og brukarrettigheitslova og i Helse – og omsorgstjenestelova om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester – kriterier og ventelister. Grunnlaget for lovendringane er Prop. 99 L (2015-2016) og Innstilling 372 L (201-2016).

#### Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

- *Pasient – og brukarrettighetsloven*
- *Helse – og omsorgstjenesteloven*
- *Forvaltningsloven*

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Selje kommune sender framlegg til lokal forskrift ut på høyring frå 24.02.17 til 13.03.2017.

#### Vedlegg i saka:

10.02.2017 Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester 1329944  
021216

#### Formannskapet 23.02.2017:

#### Handsaming:

7 voterande

#### Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**FS- 008/17 Vedtak:**

Selje kommune sender framlegg til lokal forskrift ut på høyring frå 24.02.17 til 13.03.2017.

**Råd for eldre og funksjonshemma 21.03.2017:****Handsaming:**

4 voterande

Råd for eldre og funksjonshemma har ingen merknadar til framlegget.

Samrøystes.

**EF- 007/17 Vedtak:**

Råd for eldre og funksjonshemma har ingen merknadar til framlegget til lokal forskrift som har vore ute på høyring frå 24.02.17 til 13.03.2017.

**Saksopplysningar:**

Føremålet med lovendingane er å tydeleggjere retten til sjukeheims plass eller opphald i tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester.

Retten er presisert i Pasient – og brukerrettighetsloven §2-1e første ledd. Av lova går det fram at dersom ei helse og omsorgsfagleg vurdering tilseier at det einaste kommunale tilbodet som kan sikre pasienten/brukaren naudsynt og forsvarleg helse – og omsorgstenester er i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorg, er dette ein rett pasient/brukar har.

Kommunen si plikt til å tilby slike tenester er presisert i helse – og omsorgstjenestelova §3-2a.

Ny §3-2a andre ledd i helse – og omsorgstjenestelova gjev kvar kommune plikt til å utarbeide kommunal forskrift med kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorg. Forskrifta skal omfatte pasientar/brukarar som vil vere best tent med langtidsopphald, men der kommunen vurderer at vedkomande sine behov kan verte dekkja med forsvarlege tenester frå kommunen i heimen medan ein ventar på langtidsopphald.

Pasientar/brukarar som med forsvarleg hjelp kan bu heime medan dei ventar på langtids plass, skal ha rett til vedtak. Vedtaket inneber at vedkomande er kvalifisert for langtids plass og skal stå på venteliste. Ny §3-2a 4 ledd i helse – og omsorgstjenestelova pliktar kommunen til å føre ventelister over pasientar/brukarar som ventar på langtids plass.

Regjeringa vil innføre nasjonale kriterier for tildeling av langtids plass i sjukeheim eller tilsvarande etter at det er gjort erfaringar med dei kommunale kriteriane og evaluering av forsøka med statleg finansiering av omsorgstjenestene. Dei nasjonale kriteriane er heimla i

helse - og omsorgstjenestelova §3-2a 3. ledd.

Det nasjonale målet er å få ordninga i gang i løpet av 2017. Helse – og omsorgsdepartementet har som mål å få sett i kraft dei resterande lovendingane knytt til kommunale kriterier og ventelister frå 01.07.2017. Dette inneber at dei kommunale forskriftene må vere vedtekne slik at dei seinast kan tre i kraft 01.07.2017.

Kommunalsjefnettverket i dei 7 Nordfjordkommunane sette saman ei arbeidsgruppe hausten 2016. Dei har utarbeidd eit framlegg til forskrift, og administrasjonen i Selje føreslår at dette framlegget vert sendt ut til høyring.

Når kommunen utarbeider forskrifter skal bestemmelsane i Forvaltningslova sitt kapittel VII fylgjast. Kommunen har utgreiingsplikt, varslingsplikt og framlegget skal ut til høyring. Høyringsuttalar skal vere skriftlege.

Etter at høyringsfristen er ute, skal framlegget tilbake til formannskapet med innkomne høyringsuttalar. Formannskapet skal handsame saka. Endeleg vedtak av gjeldande forskrift for Selje vert gjort av Kommunestyret. For å ha forskrifta klar innan fristen, er målet å handsame framlegg til forskrift i Formannskapet 23. februar og tilbake til det same organet 27. april og til slutt verte handsama i Kommunestyret 22. juni 2017.

**Vurdering:**

Framlegg til forskrift for Selje kommune stettar lovendingane vedteke i Stortinget 13.juni 2016 om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tjenester – kriterier og ventelister.





## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/17	Råd for eldre og funksjonshemma	21.03.2017

### Den Kulturelle Spaserstokken - Fordeling 2017

#### Bakgrunn for saka:

Fordeling av tildelte midlar til den Kulturelle Spaserstokken 2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Midlane vert delt likt mellom søkjarane

Besøksgruppa ved Seljetunet vert tildelt 5 000 kr

Selje pensjonistlag vert tildelt 5 000 kr

Stad pensjonistlag vert tildelt 5 000 kr

#### Vedlegg i saka:

09.03.2017	Besøksgruppa Seljetunet	1330926
09.03.2017	Selje pensjonistlag søknad 2017	1330927
28.02.2017	Den kulturelle spaserstokken 2017	1330529
07.11.2016	Den kulturelle spaserstokken 2017 - søknader og rapportar	1327250

#### Råd for eldre og funksjonshemma 21.03.2017:

#### Handsaming:

4 voterande.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 4 røyster for. Samrøystes.

#### EF- 008/17 Vedtak:

Midlane vert delt likt mellom søkjarane

Besøksgruppa ved Seljetunet vert tildelt 5 000 kr

Selje pensjonistlag vert tildelt 5 000 kr

Stad pensjonistlag vert tildelt 5 000 kr

**Saksopplysningar:**

Sogn og Fjordane Fylkeskommune fordeler midlane til Den Kulturelle Spaserstokken i desember månad etter søknad frå kommunane i mai månad. Midlane står på eit eige fond og vert brukt kalenderåret etterpå. Råd for Eldre og Funksjonshemma forvaltar dette fondet.

I 2016 Søkte Selje pensjonistlag om 7 500 kr til sosial samling for eldre og funksjonshemma og Besøksgruppa ved Seljetunet om 15 000 kr til å arrangere båttur for bebuarane på Seljetunet. Dette danna grunnlaget for den kommunale søknaden om midlar. Kommunen vart tildelt 15 000 kr til bruk i 2017. Stad pensjonistlag søker den 20.02.17 om 10 000 kr til fylgjande tiltak i 2017: Aktivitetsdag, Haustsamling, ev. Eldredag, Adventmøte og Sommarfest.

Sum alle søknader: 32 500 kr. Dei tildelte midlane dekkjer ikkje på nokon måte behovet i søknadane og sakshandsamar tilrår å dele den tildelte summen likt på dei tre søkjarane.

I tillegg var Selje kommune saman med Eid og Vågsøy tildelt 200 000 kr til prosjektet MusikCafe. Dette prosjektet vil tilby organiserte songstunder på institusjonane i dei tre kommunane. Prosjektet er styrt av ei eiga prosjektgruppe.



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/17	Råd for eldre og funksjonshemma	21.03.2017

### Årsmelding 2016 - Råd for Eldre og funksjonshemma

**Bakgrunn for saka:**

Rådet skal kvart år legge fram ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret. (Vedtektene § 4 siste setning)

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Årsmeldinga vert godkjend. Referatsak i kommunestyret.

**Vedlegg i saka:**

10.03.2017      Årsmelding for 2016      1330982

**Råd for eldre og funksjonshemma 21.03.2017:****Handsaming:**

Framlegg frå Råd for eldre og funksjonshemma., foreslått av ,  
Årsmeldinga får slikt tillegg:

Rådet meiner det er uheldig at dei kommunalt valde representantane har så stor møtebelastning at dei har problem med å delta på rådet sine møter. Rådet ber Kommunestyret vurdere ein endra praksis på dette. Endringa vert innarbeidd i Årsmeldinga.

4 voterande

**Votering:**

Framlegg frå Rådet fekk 4 røyster for. Samrøystes.

**EF- 009/17 Vedtak:**

Årsmeldinga med innarbeidd tillegg vert godkjent. Samrøystes.  
Referatsak i Kommunestyret.

**Saksopplysningar:**





## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/17	Råd for eldre og funksjonshemma	21.03.2017

### Dysleksivenleg skule

#### Bakgrunn for saka:

Initiativ frå medlem Harald Hansen til Råd for Eldre og Funksjonshemma for å sertifisere skulane i Selje som dysleksivenlege skular

#### Framlegg frå Råd for Eldre og Funksjonshemma:

Selje Råd for Eldre og Funksjonshemmede ber med dette kommunepolitikerne å iverksette en prosess for å få godkjenning på skulane i kommunen som «Dysleksivennlig skule». Dysleksivennlig skule er ei godkjenningsordning som viser at skulane gjennomfører tiltak for å sørge for at alle elever med lærevansker får nødvendig oppfølging, nødvendige hjelpemidler og tilpassa læremidler slik at de fleste elever med lærevansker klarer å ta til seg læring. En «Dysleksivennlig skule» er et kvalitetsstempel på at kommunen vil at alle elever skal få best mogleg læringsutbytte for å gjere dei best mogleg rusta for framtidig utdanning.

#### Råd for eldre og funksjonshemma 21.03.2017:

#### Handsaming:

4 voterande.

#### Votering:

Framlegget frå Rådet fekk 4 røyster for. Samrøystes.

#### EF- 010/17 Vedtak:

Selje Råd for Eldre og Funksjonshemmede ber med dette kommunepolitikerne å iverksette en prosess for å få godkjenning på skulane i kommunen som «Dysleksivennlig skule». Dysleksivennlig skule er ei godkjenningsordning som viser at skulane gjennomfører tiltak for å sørge for at alle elever med lærevansker får nødvendig oppfølging, nødvendige hjelpemidler og tilpassa læremidler slik at de fleste elever med lærevansker klarer å ta til seg læring. En «Dysleksivennlig skule» er et kvalitetsstempel på at kommunen vil at alle elever skal få best mogleg læringsutbytte for å gjere dei best mogleg rusta for framtidig utdanning.

#### Saksopplysningar:

### **Dysleksivennlig skule.**

- Har et inkluderende og aksepterende miljø.
- Har gode systemer og kompetanse på å finne de som sliter.
- Kartlegger og registrerer alle elevenes leseferdigheter systematisk.
- Følger opp leseutviklingen hos de elevene som trenger det.
- Setter raskt inn tiltak som fungerer.
- Er gode på å lære opp og bruke mulighetene IKT gir.
- sørger for at alle lærere har kompetanse i tilpasset undervisning for elever med lese- og skrivevansker, språkvansker og mattevansker.

Ettersom dysleksivennlige skoler jobber systematisk med å sørge for at ingen elever faller av, er dette gode skoler for ALLE elever.

### **Korleis bli ein Dysleksivennlig skule**

Mange skoler tror de hverken har tid eller råd til å være dysleksivennlige. De tror at det bare er skoler i svært veldrevne og bemidlede kommuner, og uten særlige utfordringer, som kan jobbe slik.

Sånn er det ikke. I vårt dysleksivennlig skole-nettverk er det små skoler, store skoler, skoler med mange minoritetsspråklige elever, skoler fra fattige kommuner på ROBEK-lista, skoler som trues med nedleggelse eller sammenslåinger av lokalpolitiske årsaker, osv.

Det er ikke sånn at våre dysleksivennlige skoler har særlig mye mer tid eller ressurser, eller færre utfordringer enn andre skoler. Det som kjennetegner dem er evnen til å se forbedringspotensiale og vilje til å endre praksis i skoleorganisasjonen.

Dere kan bruke kriteriene vi stiller til våre dysleksivennlige skoler, i fanen under, til i utarbeidelse av søknad om å bli sertifisert som dysleksivennlig.

### **10. punkt for å bli en dysleksivennlig skule**

Våre dysleksivennlige skoler har intensjon om å nå målsetningen som uttrykkes i punktene under:

1. Skoleledelsen og lærerne har drøftet hva skolen kan gjøre for elever med lese- og skrivevansker, og har besluttet at skolen har som målsetting å være en dysleksivennlig skole. Søknaden bør behandles i alle skolens organer, og ligge inne i virksomhetsplanen.

2. Skolen har planer som sikrer kompetanseheving av lærerne på områdene: lese- og skrivevansker og IKT-hjelpemidler.

3. Skolen har et bredt læremiddeltilbud slik at alle elever har tilgang til alt fagstoff. Skolen har rutiner på bruk av:

- hjelpeprogrammer
- lydbøker/smartbøker
- skanning av tekst
- pedagogisk programvare

4. Skolen arbeider aktivt for å skape et godt læringsmiljø. I arbeidet benyttes ett av flere tilgjengelige og anerkjente programmer, eller ett system skolen selv har utviklet.

5. Skolen har innført en rutine for kartlegging av elevene som gjør at elevenes utvikling eller mangel på utvikling kan overvåkes. Skolen har prosedyrer for hva som skjer når en finner

elever med lese- og skrivevansker.

6. Skolen har prosedyrer for å sette inn passende tiltak for elever som ligger etter i lese- og skriveutviklingen.

7. Skolen har innarbeidet effektive dysleksivennlige metoder. Med dysleksivennlige metoder mener vi:

- Metoder som sikrer forståelse.
- Gode lese- og læringsstrategier.
- Gode rutiner for vurdering for læring.
- Bruke flere sansekanaler i undervisningen, jfr. læringsstiler.
- God struktur i all undervisning.
- Gode lekseplaner/avtaler med foreldrene.

8. På prøver og eksamener gis dyslektikere muligheter til å få vist sine evner gjennom bruk av hjelpemidler, opplesing av tekst, lengre tid osv. Tilretteleggingene tilpasses behovene til den enkelte elev, og det lages en avtale om hvordan dette skal være sammen med foresatte. Skolen har gode rutiner for å informere om fritak i sidemål, samt har satt seg godt inn i regler og konsekvenser av å vurdere fritak i andre fag.

9. Skolen og dens lærere ønsker at alle elever skal oppleve seg forstått og respektert, uavhengig av mestringsgrad og oppnådde resultater. Skolen må dokumentere gode rutiner på elevsamtaler, arbeid med det psykososiale miljøet, mobbing osv.

10. Foreldre får god informasjon om hva som er skolens plan for oppfølging av eleven. Skolen har rutiner for å fange opp ideer hos foresatte og lærere til hvordan skolen kan forbedres.

## Søknadsprosessen

For å bli dysleksivennlig skole må skolen skrive en søknad om hvordan det arbeides med hvert enkelt punkt i vår 10 punkts kriterie-liste.

Det forventes ikke at alle punktene er oppfylt, men at skolen har intensjoner om å nå den målsetning som ligger uttrykt i punktene.

Søknad sendes inn med forpliktende underskrifter fra rektor, representant fra lærerne og representant for FAU.

### Søknadsprosessen

1. Skolen skriver og sender en søknad til Dysleksi Norge.
  2. Dysleksi Norge besøker skolen. Dette for å kvalitetssikre søknaden.
  3. Skolen får en rapport med vurdering av om kriteriene er oppfylt, og en tilbakemelding på hva som eventuelt må forbedres.
  4. Hvis skolen møter kriteriene så godkjenner Landsstyret i Dysleksi Norge skolen som Dysleksivennlig.
  5. Skolen får så en fin plakett, og det feires!
  6. Skolen er formelt i nettverket Dysleksivennlige skoler i Norge.
- Hvis dere er usikre på om dere er "gode nok" eller trenger hjelp til å vurdere forbedringspotensiale, eller kanskje dere er klar over hvilke områder dere kommer til kort, er vi svært interessert i å hjelpe.
- Vi kan tilby nettkurs, oppdrag på skoler og rådgivning per telefon.

## Fakta om serfitiseringsprosjektet

"Vi må skifte fokus fra alt det som ikke fungerer og heller si noe om det som fungerer!".

Slik var det noen kloke hoder som tenkte i 2005 og vips var ideen om en "dysleksivennlig skole" blitt til. Inspirert av den Britiske Dysleksiforeningens "Dyslexia Friendly Schools" startet arbeidet med å meisle ut et sett kriterier for hva som kjennetegner gode skoler. Tre prosjektgrupper ble nedsatt og arbeidet hver for seg med å definere viktige kjennetegn. En gruppe bestod av personer med dysleksi, en gruppe bestod av foresatte og en gruppe bestod av fagpersoner.

Etter at de var ferdige satte de seg sammen og kom frem til en 10-punkts kriterieliste for gode skoler. Kriteriene vektlegger systematisk sating på elevene som strever gjennom forankring i skoleledelsen, gode planer om kompetansheving, et godt læremiddeltilbud, et godt læringsmiljø og gode rutiner for arbeidet med det psykososiale miljø. Skolene må også ha gode rutiner for kartlegging, det er avgjørende at resultatene av kartleggingen følges opp gjennom prosedyrer og rutiner for igangsetting av tiltak og at lærerne benytter seg av "dysleksivennlige metoder". Skolene må også tilrettelegge ved eksamen og prøver og kunne vise til et godt skole-hjemsamarbeid.

Prosjektet har utviklet seg drastisk siden 2005. I dag inkluderer dysleksivennlig skolesatsingen tilbud om nettkurs til lærere, kursing på oppdrag fra skoler, tett samarbeid med fagmiljøene og mellom flere og flere søknader om nye dysleksivennlige skoler per år.

## **Skuler som er dysleksivennlige i S&Fj og M&R**

- Trudvang skole (Sogn og Fjordane, Sogndal)
- Farnes skule (Sogn og Fjordane, Årdal)
- Slåtten skule (Sogn og Fjordane, Førde)
- Hatlane skole (Møre og Romsdal, Ålesund)
- Fræna VGS (Møre og Romsdal)
- Åse skule (Møre og Romsdal)
- Feios Skole (Sogn og Fjordane, Vik)